

Møte i styringsgruppa 29.05.15

Tilstades:

Frå styringsgruppa:

Norrdal: ordfører Bjørn Inge Ruset
Skøyve: varaordfører Kari Grindvik
Ulstein: ordfører Jan Berset
Sandøy: ordfører Hans-Endre Sæterøy
Stranda: ordfører Jan Olav Tryggestad
Sula: ordfører Geir Ove Vegsund
Hareid: ordfører Anders Riise,
Stordal: ordfører Charles Tøsse
Sykkylven: varaordfører Olav Harald Ulstein
Haram: ordfører Bjørn Sandnes
Ålesund: ordfører Bjørn Tømmerdal
Ørskog: varaordfører Ragnar Bakken

Frå arbeidsgruppa om tenesteproduksjon:

Ann-Heidi Paulsen Orvik (leder) og Modolf Hareide (nestleder)

Andre:

Tore Hals, kontaktperson kommunereform Ålesund kommune
Per Magnus Berdal, varaordfører i Norrdal kommune
Sindre Røsvik, kommunalsjef Giske kommune
Kjartan Lied, rådmann i Stranda kommune
Bente Glomset Vikhagen, rådmann i Skodje kommune
Turid Hanken, rådmann i Haram kommune,
Anne Mette Liavaag, rådgivar i Sunnmøre regionråd.

Referent:

Anne Mette Liavaag

Leiar av styringsgruppa, Bjørn Sandnes opna møtet. Sandnes takka for sist og uttrykte at møtet på Storfjord hotell var eit godt og konstruktivt møte.

Hovudtema for dagens møte var presentasjon av arbeidet til arbeidsgruppa for tenesteproduksjon og utøving av mynde.

På grunn av møtekollisjon var det semje om å slå saman møta den 12. juni og 22. juni. På disse møta skal arbeidet frå arbeidsgruppene som ser på demokrati og økonomi leggst fram. Neste møte i styringsgruppa blir den 22. juni kl 09.00. Møtet den 12. er dermed avlyst.

Leiar av arbeidsgruppa for tenesteproduksjon, Ann-Heidi Paulsen Orvik la fram resultatata frå arbeidsgruppa. Presentasjonen er vedlagt.

Frå diskusjonen i styringsgruppa:

- Innbyggerane er mest opptatt av tenester, dei øvrige områda er kanskje dei spørsmåla som politikarane er opptatt av.
- Det blir viktig å sikre lokale ombudsmenn.
- Kompetansearbeidsplassar for kvinner er eit sårbart tema i bygdene.
- Kompenserande strategiar innan beredskap er viktig. I bygdene er dette viktig å finne løysningar på slik at innbyggerane kan tryggast på at dette vil kome på plass.
- Temaet tenesteproduksjon er eit stort og krevjande område å ta fatt på. Verdien av eit desentralisert system med arbeidsplasser. Kvifor skal kommunane etablere eit desentralisert system når næringslivet gjør stikk motsett? Truleg maktar vi ikkje å ha ein desentralisert struktur over tid. Er det å lure innbyggerane å seie at vi kan klare dette?
- Næringslivet har globale bedrifter med lokale kontor. Vi bør finne ut korleis vi kan ta i bruk ny teknologi i kommunale tenester.
- Bygdene opplever at staten er den største drivaren for sentralisering. Vi må forankre og legge tyngde bak denne budskapet.
- Frykta for at lokalsamfunnet risikerer å bli tappa for ressursar er heilt reell. På rådhusa er det viktige arbeidsplassar. Er det gitt at all kompetanse er å finne lokalt? Eksempelvis er juridisk kompetanse ein heilt kompetanse i kommunal drift. Vi må være tydeleg på at dette er ein kompetanse vi må bygge i eit miljø der kompetansen finnes. Kommunesektoren i framtida blir enda meir kompleks, noko som vil krevje ein annan måte å jobbe på.
- Alle fagmiljøa treng ikkje å vere på Moa. Vi kan tenkje oss eit system med ambulerande fagteam osv. Det som kan være lokalt vil fortsatt være lokalt. Helse og omsorg skal fortsatt være lokalt. Eksempelvis jobbar NAV med å endre arbeidsform til å bli meir mobile.
- Kva for mogeligheter ligg i ein ny kommune? Dette er eit heil sentralt utgangspunkt. Vi må tenkje oss inn i framtida og inn i ein ny teknologi. Vi skal byggje ei kommune for framtida. Kva mogeligheter gir ei ny kommune oss overfor sentrale myndigheter?
- Vi bør utfordre nokre frå ungdommen (ungdomsskule/vidaregåandeskule) til å beskrive/teikne den nye kommunen.

- Ein storkommune vil ha tyngde i nasjonal samanheng.
- Vi må finne fleksible løysingar.
- Det går fint an å ha nærheit også i ei stor kommune. Dette må vi klare å formidle til innbyggerane. Vi må ta dei lokale bekymringane på alvor og lage gode strategiar for å kommunisere dette ut til innbyggerane og finne gode lokale løysingar. Det er ei stor risiko for at folk stemmer nei til samanslåing fordi dei er uttrygge.
- Nærleik. Alle er opptatt av at innbyggerane skal ha nærleik. Dette er avgjørande i blant anne i beredskap og planlegging. Kanskje ikkje i så mykje anne? Kanskje vi skapar eit problem? Sentralisering blir dratt fram som eit motargument for kommunereforma. Man kjem eigentleg sentraliseringa pga reforma, eller ville den ha kome uansett? Vi må ikkje la innbyggerane leve i trua på at alt kan være uforandra. Vi maktar ikkje å bygge sterke fagmiljø alle steder. Men vi kan for eksempel klare å bygge lokale fagmiljø ala Muritunet.
- Henvisningskompetanse blir viktig. Viktig med bindeledd/ombudsmenn.
- Nærleik – vi må definere kva vi legg i dette. Kan vi sjå på andre måtar å vere til stades? Vi må i mykje større grad lukkast med å ta i bruk digital teknologi i framtida.
- Skryt til arbeidsgruppa for god jobb. Styrka i utgreiingsarbeidet ligg i at vi
- Tenesteproduksjonen i ein ny kommune skal fortsatt ligge der folk bur.
- Kommunereforma er ikkje ein sentraliseringsreform. Tvert imot. Dette er en motvekt.
- Arbeidsforma er krevjande. Vanskelig å samle deltakarane i arbeidsgruppa og dermed utfordrande å få til dynamikk og refleksjon i gruppene. Mange er med i fleire prosjekt og det kan vere utfordrande å vere positiv og lojal til begge prosessane. Mange politikarar har kjensla av at dei manglar kompetanse. Kan vere positivt at man saman tvilar seg fram til eit standpunkt.
- Vi skal møte innbyggerane etter beslutninga er tatt. Vi maktar ikkje å kompensere for alle ulempene, men fordelane er fleire en ulempene.
- Innafor tenesteyting er det interessant å identifisere drivarane i utviklinga av tenestene. Drivarane er brukarane av tenestene. Eldrebølga kjem. Teknologisk utvikling er i seg sjølv ein drivar river. Nærleik er viktig av og til. Av og til er det viktigare at tenestane er spesialisert. Politikarane skal sjå heilheita.
- Kva er basistjenester i framtida? Eldre klarer seg lengre heime. Dei som blir sjuke blir meir komplisert sjuke. Vi er pressa uansett størrelse på kommunen. Vi bør tørre å uttrykke at for å få eit godt nok fagmiljø må vi fire på kravet om nærleik. Eks ALS
- Fagmiljøa kan byggast lokalt. Eks plankontor i Haram, rehabilitering i Valldal.

- Demografiske utviklinga gjer det ikkje mogleg å ha nok sjukeheims plassar til alle der dei bur. Vi må sentralisere og ta i bruk ny teknologi. Vi må få til omsorg i eigen heim.
- Fagkompetanse og kvalitet må komme før nærleik. Vi må ha ein plan for beredskap slik at innbyggjarane kan føle seg trygge.
- Det er heilt avgjerande at vi lukkast med å kommunisere dette til innbyggjarane. Prosjektet skal også vere levedyktig ute i kommunane.
- Vedr mottak av flyktingar; det er uforståeleg at det er forventa at småkommunar skal ta imot flyktingar. Det er dei store kommunane som har administrasjon og fagmiljø til å handtere dette.
- Det er nokre openbare fordelar med å være stor. Det må være må være mulig å snakke om ein storkommune utan å snakke ned småkommunane.
- Dersom det er andre kriterier enn rasjonalitet som skal være gjeldene må arbeidsgruppa få signal om dette.
- Vi må ikkje gløyme det som er utgangspunktet for reforma; "likeverdige og gode tenester til innbyggjarane" Dette betyr ikkje at alt skal være i nabobygget.
- Kari Det er et skjæringspunkt der fagligheit er viktigare enn nærleik.
- Vedr. avvikling av IKS; viktig å vere tydeleg på at det også i framtida skal vere interkommunalt samarbeid, men at det innanfor kommunale tenester det er et mål vere store nok til å ta hand om tenestene sjølv.
- Sjølv om det blir større kommunar skal folk bo der de bor. Vi mister ikkje identiteten vår. Vi må heve blikket og tenke langt fram.
- Arbeidet i utgreiingsfasa skal vere eit rammeverk for dei vidare diskusjonane. Det vi no gjer er å utarbeide eit grunnlag for ny kommune. Vi må holde oss på eit overordna nivå. Vår oppgåve i denne fasen er å løfte fram de utfordringane vi ser. Innsalget av produktet blir avgjerande viktig. Vi må være ærlige. Innbyggjarane lar seg ikkje lure.

Viktige problemstillingar:

Kva er drivarane? (Brukarar, teknologisk utvikling, nye sentrale krav)

- Rusta til å møte demografisk utvikling
- Rusta til å ta i bruk ny teknologi og digitaliserte brukarar
- Rusta til å ivareta nye oppgåver og spissa krav

Basistjenester desentralisert- kva må være nært? (omsorgstilbod, barnehage, skule, lokale beredskapsorganisasjonar)

Fagkompetanse og kvalitet må vurderast opp imot plassering (her er eit skjeringspunkt).

Mestring og sjølvhjelp så lenge som mogeleg

Samle spesialisert tenester?- kva for tenester er dette? Kompleksitet i tenestane krev dette (sentralisering eller samordning).

Skal det hentast ut effektar gjennom å samordne administrasjon- men ein mobil og tilstadeverande administrasjon? Korleis?

Kan ein skape kvalitet i tenestene gjennom ein samordna robust administrasjon/organisasjon som er mobil og tilgjengeleg?

Interkommunale tenester? Verdien av å avvikle?

Interkommunale samarbeid, tenester, selskap- kva kan vidareførast?

Avslutningsvis blei framdriftsplanen og tidspunkt for overlevering av rapporten diskutert. Det var semje om å holde på tidligare vedtatt plan med ferdigstilling av rapport og oversending til kommunane i uke 34/35.

01.06.15, Anne Mette Liavaag